

Mor Norig ho stødig

Eigen tone

1) Mor Norig ho stødig med snjoskautet stend
i skumsprøyt aa dammel um foten
Aa livssoga hennar er rita aa kjend
Ho kved den med eldgamle noten
Kveder um siger, um naud aa um sut
Um menner som trugne i kampen held ut

2) Aa sogar er gløgg, ho stend attved aa høgg
I steinar um fald aa um siger
Slegter som koma skal læsa seg nøgd
Um truskar i naud aa i krigar
Um trøyting um svaitte um blofulle saar
Um menner som slokna, um grufulle aar

3) Naar havbrote larmar aa snjokavar fær
Um nutar og nipor i fæla
Mor Norig ho kved eitt hundraaar er
No fare i sut aa i sæla
So livsgleda aukar aa fredsvoni no
I folkets hjartor brydda, bløma aa gro

4) Høyr havbrot aa dammel i firtonig song
Den ljomar den eldgamle fela
Aa andar i folkje, ein liknande trong
Til aa tona um fridom aa sæla
No eitt hundraaar fare eitt folke aar
Aa paa nyaarsdajen i aar vi staar

5) Mor Norig med snjoskautet fager aa brisk
Med dammel aa skumsprøyt um foten
Ho ynskjer den andi maa halda sig frisk
Aa aller ein skiplar paa noten
Den andi at Noriges raaderett stend
Yver merkje aa maal yver gata aa grend